

Leikanger KYRKJELYDS BLAD

Nr. 2 - 2016 Årgang 70



Hein kryssar grenser



Gudsteneste før skulestart.



Vikarprest Mikael

Om vigsel for likekjønna par
Plateinnspeling i Leikanger kyrkje
Kyrkjelydshuset treng nytt tak

Oversikt over tilsette, kontaktadresser og telefonar:

ADMINISTRASJON LEIKANGER OG SOGNDAL

KYRKJEKONTOR

Besøks-/postadresse:

Kyrkjevegen 6, Stedjetunet, 6856 Sogndal

Tlf sentralbord: 57 67 99 85,

E-post: post@sogndal.kyrkja.no

KYRKJEVERJE:

Jorunn Merete Haukås-Eide

Telefon mobil: 404 76 682

E-post: kyrkjeveerje@sogndal.kyrkja.no

jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

SOKNEPRESTEN I LEIKANGER OG NORUM:

Mikael Bruun (vikar)

mikael@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 406 09 941

KYRKJETENAR/REINHOLDAR:

Cristina Sandor

E-post: cristinasandor82@yahoo.com

Tlf: 482 17 237

KANTOR:

Hallgeir Øgaard

E-post: hallgeir@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 940 03 834 Heimeside: www.hallgeir.com

SOKNERÅDSLEIAR:

Björg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

KYRKJELYDSPEDAGOG

Monica Ugulsvik

monica@sogndal.kyrkja.no

Tlf 906 17 319

LEIGE AV KYRKJELYDSHUSET:

Björg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

www.facebook.com/leikangerkyrkja

www.kyrkja.no Kyrkja sentralt sin nettstad

www.kyrkja.no/bjorgvin Bjørgvin

bispedømme sine heimesider

www.leikanger.kommune.no/kyrkja

Informasjon om Leikanger kyrkje, tilsette og gudstenesteliste

www.sogndal.kyrkja.no Informasjon om

kyrkja i Leikanger og Sogndal

www.kyrkjefolk.no

om boka Kyrkjefolk

LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

organ for Leikanger sokneråd

Redaktør: Egon Askvik

Kasserar for bladet: Reidar Tjønn

Layout: Elianne Eggum

Trykk: Husabø prenteverk

Framsidedfoto: Egon Askvik

Takksemd

Mange i kyrkjelyden i Leikanger har fått med seg at presten er sjukemeld. Det har vore viktig for meg å vera open om sjukdommen, for å unngå spekulasjonar og usikkerheit.



Foto: Eli Grotle/Sogn Avis

I byrjinga av mai fekk eg påvist ein alvorleg kreftsjukdom. Det er alltid vanskeleg å gje prognosar, men legane er klare på at sjukdommen ikkje kan kurerast, om mogeleg haldast i sjakk.

Sogn Avis intervjuar meg og då sa eg at eg sloss for livet, men reknar med døden.

Det betyr at eg gjerne vil leva og er glad i livet og menneska rundt meg. Eg er takksam for alle som seier dei tenkjer på meg og ber for meg. Eg er open for eit Guds under, men planlegg ikkje ut frå det. Realistisk må eg også rekna med at livet kan ta slutt om ikkje så lenge.

Korleis går det? Mange spør og det er vanskeleg å gje svar. Sjukdommen går si gang. Så langt har eg fått ha ei indre ro og det er eg takksam for. Eg er glad for at det eg har forkynt for andre også held for meg sjølv: Håpet me eig i livet, men også i døden.

Jesus Kristus er vårt håp.

Eg tenkjer med takksemd på det livet har gitt meg. Ein trufast ektefelle, fantastiske born og svigerborn, gode vener, eit meningsfylt yrke. Eg er takksam for at eg får vera prest i Leikanger og Norum sokn. For alle menneska eg her har blitt kjent med.

Eg vil også takka alle som har teke kontakt i tida etter at eg vart sjuk. Takk til alle som stiller opp med bollar, brød, syltetøy, frukt og bær, som tek husvasken og steller i hagen.

Takk for ei fantastisk konsertoppleving i sommar. Kanskje er eg i form til lanseringskonsert i oktober?

Mikael Bruun skal vera vikar for meg. Ta godt imot han!

Alt godt frå

Vikarpresten: Litt om meg

Nokon lurar kanskje på kven han er, den unge presten som dukkar opp med jamne mellomrom i Leikangerområdet. Eg har helsa på ein del, og de lurar nok ikkje meir. Men kanskje er det nokon som framleis lurar på han som ser alt for ung ut til å vere prest, for prestar skal vel helst vere godt over 40?

Eg kan roe dykk. Eg er faktisk utdanna prest, og eg heiter Mikael Bruun. Eg vart ferdig utdanna frå Det teologiske menighetsfakultet i Oslo i sumar og skal ordinerast til prest i Sofienmyr kirke på Kolbotn søndag 25.september. Eg skal vere vikar for Egon i året som kjem og gler meg veldig til det!

Eg kjem frå ein liten plass utafor Oslo som heiter Greverud. Greverud ligg i Oppegård kommune, og har Kolbotn som den største plassen i kommunen. Fleire av dykk eg har møtt veit faktisk kor Kolbotn ligg, til mi store overrasking. Eg er altså vand med større forhold enn Leikanger og Sogndal, men det skremmer ikkje meg. Eg trivst alt veldig godt, og ser fram til å vere her eit heilt år.

De kan forvente mykje av meg, sjølv om eg er ung og nyutdanna. Eg vil vere prest for dykk i alt som livet rommer, slik eg meiner at trua rommer heile livet. Eg vil forkynne dei gode nyheitene om Jesus Kristus for dykk, og leggje ut kva Skrifta seier til oss kvar søndag, til utfordring og oppmuntring. Eg vonar de vil koma til meg om det skulle vere noko. Noko eg gjer som de anten likar eller ikkje likar, eller om de synst nynorsken min er håplaus. No er eg her, og eg vil gjere så godt eg kan. Eg gler meg til å treffe fleire av dykk!

Mikael Bruun





Velkommen til vigsel!

- Uansett kven du er
- i kyrkja der du bur

Mange kjenner til at det snart vil bli mogleg å kome til vigsel i kyrkja også for likekjønna par. Denne våren kom det fram i Sogn Avis at prestane i Sogndal og Leikanger har ulike syn på dette. Nokre undrar kanskje derfor på korleis dette vil bli i praksis, og kva dette vil ha å seie for måten kyrkja vil møte dei som inngå ekteskap i den komande tida. Sokneprestane Egon Askvik og Kjell Olav Høstaker Nordheim vil derfor saman klårgjera nokre av dei viktige momenta i den nye situasjonen.

Kva vart bestemt?

Kyrkjemøtet vedtok at det skal utviklast ein vigselsturgi og ein forbønsliturgi for likekjønna par. Liturgi er formen og innhaldet på sjølve ritualet som vert brukt i kyrkja. Desse nye liturgiane skal også kunne brukast i møte med alle par, og dei kjem i tillegg til dei liturgiane som kyrkja alt har for vigsel og forbøn for par. I vedtaket vart det framheva at det er ulike syn i kyrkja, og at vedtaket inneber at det skal vera rom for at to ulike syn på ekteskapet skal kunne leve jamsides i kyrkja framover.

Kva skjer vidare?

I skrivande stund vert eit førsteutkast til desse nye liturgiane gjort ferdig. Desse skal leggjast fram for Kyrkjerådet på deira juni-møte. Tidleg i haust vil dei nye liturgiane bli sende på høyring, og eit endeleg framlegg skal då handsamast på Kyrkjemøtet sitt møte i januar 2017.

Velkommen til vigsel!

I og med at ein i Sogndal og Leikanger har prestar som står for ulike syn i denne saka, lurer kanskje nokon på om dei kan få komme til den kyrkja dei høyrer til for å inngå ekteskap, eller om dei må reise til ein stad der det finst ein prest som vil ta imot dei. Sokneprestane i Leikanger og Sogndal vil derfor presisera at den nye ordninga inneber at alle skal få høve til å inngå ekteskap i den kyrkja dei høyrer til – og at dei er velkomne til dette.

Å inngå ekteskap kan vera av dei største høgtider i livet, då er det fest, framtida, livet og gleda som står i fokus. Alle kyrkjene i sokna her står derfor opne for dei som ynskjer å gifte seg der. For likekjønna par vil dette truleg bli mogleg frå vinteren 2017, etter at Kyrkjemøtet har vedteke det nye vigselstirualet. Frå og med same tid kan kyrkjekontoret ta imot innmeldte vigsler frå dei som ynskjer å gjere seg nytta av den nye liturgien.

Egon Askvik seier med glede ja til å vie også homofile og lesbiske par. Kjell Olav Høstaker Nordheim vel inntil vidare å ikkje vie likekjønna par, men har ingen ting imot at kyrkjene der han er prest vert nytta til slike vigsler. Saman ynskjer dei derfor alle par velkomne til å viast.

Alle par som ynskjer kyrkjeleg vigsel kan også rekne med å bli teken godt imot av tilsette ved kyrkjekontoret og i kyrkjene, uavhengig av kva for ein av liturgiane dei ynskjer å nytta.

Vedtak i Kyrkjemøtet sin sak 17/16 Kirkelig vigsel for likekjønnede par

1. Kirkemøtet erkjenner at spørsmålet om homofilt samliv og vigsel av likekjønnede par er en sak som Den norske kirke etter lange samtaler og flere utredninger ikke har lyktes å enes om.

2. Kirkemøtet viser til tidligere vedtak som understreker at uenighet i dette spørsmålet teologisk bedømt ikke er av en slik karakter at det gudstjenestelige og sakramentale fellesskapet i Den norske kirke må brytes. Begge syn på likekjønnet ekteskap kan derfor gis rom og komme til uttrykk i kirkens liturgiske ordninger, undervisning og forkynnelse.

3. Et flertall i Kirkemøtet mener at det i tillegg til dagens liturgier for ekteskap og forbønn for borgerlig inngått ekteskap mellom kvinne og mann, må utarbeides tilsvarende liturgier som inkluderer likekjønnede par og som kan brukes overfor alle par.

4. Et mindretall i Kirkemøtet ønsker ikke kirkelig vigsel av likekjønnede par fordi det strider mot deres forståelse av ekteskapet. De av mindretallet som støtter dette vedtaket, tar likevel til etterretning Kirkemøtets sammensetning, og at slike liturgier derfor vil bli utarbeidet og implementert.

5. Kirkemøtet forutsetter at disse liturgiene innføres som ordinære liturgiske ordninger. De gjøres gjeldende i hele Den norske kirke slik at alle medlemmene kan inngå ekteskap i sin lokale kirke.

6. Kirkemøtet fastslår at prester har frihet til å velge om de vil foreta vigsel av likekjønnede par eller forbønn for borgerlig inngått ekteskap mellom likekjønnede. Andre kirkelig ansatte bør også ha en tilsvarende mulighet til ikke å medvirke ved den kirkelige handlingen. (Vedtatt med 88 av 115 stemmer)

Ja eller nei? For eller mot?

Etter kyrkjemøtevedtaket om likekjønna vigsel

Me har spurt sokneprestane Kjell Olav Høstaker Nordheim og Egon Askvik om korleis dei ser på vedtaket og kva dei tenkjer om sin eigen ståstad.

Kjell Olav Høstaker Nordheim, sokneprest i Stedje og Kaupanger:

Eg er ingen motstandar av homofile eller av likekjønna samliv, og eg ynskjer ta på alvor dei sår og den smerte som kyrkja sin praksis i møte med mange homofile har skapt. Eg tenkjer også at det livslange, trufaste forpliktinga er den beste ramma for eit samliv. Og det trur eg gjeld uavhengig kva kjønn eller legning den du elsker har. Derfor gler eg meg på den eine sider over at denne moglegheiten no vert opna for fleire.



Glad for vedtaket

Slik eg ser det, handlar ikkje dette om å vere for eller mot homofile, men om kva ein som kyrkje gjer når ein stadfestar eit ekteskap. Der er det no vedteke at Den norske kyrkja har to likestilte syn på dette, og eg er glad for vedtaket Kyrkjemøtet har gjort om å innføre ein liturgi for likekjønna ekteskap i tillegg til den vi alt har. Dette gir også støtte til det å prøve å tenke to ting på ein gong, og prøve å halda det saman i det lokale samarbeidet.

For meg inneber det mellom anna at eg respekterer Egon for hans engasjement i spørsmålet om likekjønna vigsel, og gler meg over at han no får høve til å følge sitt samvit, og kan ta imot likekjønna par som vil inngå ekteskap. For meg tyder det også mykje at han anerkjenner og har forsvart mine synspunkt som legitime. Vi ynskjer å stå saman i dette, sjølv om vi står for kvar vår praksis.

Egon Askvik, sokneprest i Leikanger og Norum:

Då eg, midt på 80-talet, skulle opp til munnleg eksamen i systematisk teologi, ville nok den venlege professor Torleiv Austad koma meg i møte. Han visste eg var svært engasjert politisk i frigjeringskampen i Sør-Afrika og ville snakka om grunnlaget for å ta etiske val.

Sjølv var eg mest frå meg av nervøsitet, og teori har aldri vore mi sterkaste side, så då han spurde korleis me tek etiske val, svara eg at me må ta dei ut ifrå det som står i Bibelen. Professoren nikka og sa at det var rett, så langt det rakk, men om det var andre ting som spela inn? Eg var blank. "Det er jo lov å tenke", hugsar eg han sa. Han sikta ikkje til eksamenssituasjonen, men kva me treng for å ta etiske val. Bibelen er eit viktig fundament. Men ein skal ikkje undervurdere sunn fornuft.

Eg hugsar på denne situasjonen når spørsmålet om likekjønna ekteskap vert heftig debattert og Bibelen flittig sitert. Ja, me har Bibelen som ei norm for vår etikk, men det er lov å tenke! Og det er vår oppgåve å omsetje og tolke bibeltekstane til vår situasjon her og no.

Det er vår oppgåve å vurdere

Eg trur ikkje på slagord som "Guds klare og ufeilbarlege ord" eller "Eg les det slik det står". Det finst inga direkte bru over 2000 år. Bibelen har ei lang tolkingshistorie og har blitt lest på ulikt i ulike kulturar og til ulike tider. Og blitt forstått på ulikt vis. På syttitalet var det ein debatt som var like heit. Den gongen galdt det spørsmålet om



kvinneprestar. Det er ingen tvil om at du kan ha solid støtte i Bibelen for å seia nei til kvinneprestar viss du held fast på einskilde bibelord, og i tillegg nektar å innsjå at me lever i ei anna tid. I vår tid er det ikkje berre tillete med kvinneprestar, men det er naudsynt! Bibelen kan brukast og misbrukast til alt, og det er vår oppgåve å tenkje og vurdere, sjølv om nokon vil innvende at dette er å setja seg over bibelordet.

Homofile sine erfaringar

For tjue år sidan brukte eg ein studiepermisjon til å reisa rundt for å snakka med menneske med homofil eller lesbisk legning. Kristne medmenneske i ulike delar av landet. Historiene som gjekk att var at då dei i tenåra vart medvitne om legninga si, bad dei inderleg til Gud om at dei måtte bli hetero – dei oppsøkte hjelp og forbøn. Fleire prøvde seg med ein kjæraste av motsett kjønn.

har på ulikt vis vore restriktiv mot alle former for samliv mellom likekjønna.

Det har likevel, dei siste 40 åra, vore viktige einskildstemmer som har bana veg for ein annan måte å tenkja på.

Lang prosess

Allereie i 1977 slo Hygen-utvalet (nedsett av Bispemøtet) fast at "Kirken bør revurdere sin tradisjonelle holdning til homofili". Utvalet meinte det var feil å bruke bibeltekstane om "menn som ligg med menn" på det me kjenner som homofili i dag. Mange uttalar, mange debattar og møte ligg altså bak kyrkjemøtevedtaket i april 2016.

Dette vedtaket er eg glad for. Det er ei utstrekt hand til ei



Nokon til og med gifte seg og fekk born. Men ingenting hjelpte. Diverre har mange teke livet sitt i denne kampen for å verta "normal". Dei kjende seg som avvikarar og orka ikkje tanken på å leva eit liv i løgn og fornektning av kven dei var.

Sjølvsagt veit eg at det finst andre historier. Det finst homofile som vel å leva i sølibat og ikkje ha kjæraste, likesom det finst heterofile som gjer det same. Og dei lever eit fullverdig liv med det.

Likevel: Det er noko som skurrar. Eg kjenner Jesus Kristus som den som reiser opp og set fri, som til og med kallar den døde Lasarus ut or grava og seier: "Løys han og lat han gå". Nokre homofile har greidd å leva vidare med ei tru og funne fellesskap med andre. Åpen kirkegruppe har slik vore ein redning for mange. Men Den norske kyrkja

gruppe som har vore utsett for mykje urett opp gjennom åra, både frå kyrkje og samfunn.

Leve med usemje

Vedtaket seier at ingen prest kan påleggjast å utføra vigsel for likekjønna. Denne fridomen til å velje er viktig for å halda kyrkja saman. Eg anerkjenner synet til soknepresten i Sogndal og Kaupanger, som av samvitsgrunnar, slik han ser det i dag, ikkje kan utføra denne handlinga. Eg set sjølvsagt pris på at han seier han er glad for at andre prestar kan utføra tenesta. Slik lever me godt saman som kollegaer med ulikt syn, og me vil forsvara kvarandre sin ståstad.

Eg er også glad for at vår eigen biskop tok kostnaden ved å arbeida fram det som vart det endelege vedtaket. Det er to syn i kyrkja vår – med samvit og djup overtyding på begge sider. Vedtaket ivaretek dette.



Sommarkveld ved Sognefjorden.
Konsert i Leikanger kyrkje 21. juli.

Det er eit før og eit etter

Der to eller tre er samla, og nokon har vore på Sommarkveld ved Sognefjorden, kjem samtalen fort inn på kva denne kvelden har hatt å seia. Då kjem det ord som flott, kvalitet, godt, sterkt, ettertanke. For denne konserten var ikkje av det slaget der «alle var glade og ingen forandret». Denne opplevinga rørte ved oss og skapte endring.

Egon ynskta velkomen og stemte strengane: «Mange av kveldssalmane våre har dette doble perspektivet: Me legg oss trygt til kvile for natta, i visse om å vakna til ein ny dag – eller ein annan stad ein annan gong.» Så enkelt, og så djupt. Så kort kan brua vera.

Etter denne kvelden kjenner eg at frykten min for denne brua først og fremst er knytt til at det er ei einvegs-bru. Men tilliten og tryggleiken finst på begge sider av brua. Kveldssalmane me var saman om her, minna meg om at alt no kan me kjenna på det som skal koma, men ikkje heilt og fullt enno.

Ingrid og Mari fortalde om songar med dette perspektivet som dei to systrene og Matias hadde sovna inn til frå dei var heilt små. Hege og Egon har formidla gode tonar og tekstar til dei tre. Det var eit vitnemål om at det foreldre leverer vidare til borna sine, må vera haldbart frå første til siste dag.

Diljins tolking av Gje meg handa di, ven og lystenning for flyktningar og andre utvida rommet for dette mangfaldige livet som kan sjå så ulikt ut for oss. Og kvelden baud på glede og latter som saman med alvor og ettertanken synleggjorde noko av registeret av kjensler og opplevingar. Når soknerådet i tillegg stilte med kaker og kaffi denne kveldsstunda midt i juli, fortel det om mykje omtanke og omsorg.

«Ubi caritas, Deus ibi est» heiter det i eit gamalt uttrykk på latin. Det kan omsetjast på to måtar: «Der kjærleiken er, der er Gud.» Og: «Der Gud er, der er kjærleiken.»

Alt no. Og enno ikkje heilt og fullt.

Med takksam helsing for ein kveld som skapte endring,
Gunnar Kartveit



Alle foto: Frøydig Geithus



«Må tida på skulen bli ei fin tid»



Søndag 14.august, dagen før 1.skuledag, kom det ein heilt førsteklasses gjeng til kyrkja. Dei kom spente og klare med ny ransel på ryggen, det var nok litt stas å få visa den fram. Kjekt å sjå at bestevennen hadde lik sekk, eller akkurat same penal. Kyrkjeklokkene ringde, og Skulestartgudstenesta var i gang. Mikael, som er vikar for Egon, snakka om Den gylne regelen; det du vil at andre skal gjera mot deg skal du gjera mot dei. Det handlar om kjærleik, at Jesus vil at me skal vera ein ven, ein som bryr seg!

«Eg blir so glad når eg ser deg» tona gjennom kyrkjerommet, og det var lett å høyre at dei som song med verkeleg kunne vera einige i det.



Alle samla seg rundt lysgloben, og eit lys vart tent for alle seksåringane som var i kyrkja denne kvelden. Til slutt tende Mikael eit lys og ba for alle som skulle byrja på skulen, for sysken og foreldre, for lærarane på skulen og for at tida på skulen må bli ei fin tid.

Etter at alle i kyrkja var blitt velsigna; kvart minutt av di tid, kvar ein dag av ditt liv... gjorde det veldig godt å få servert saft og kaker og bollar. Det var veldig kjekt å kunna leika sisten med vener ein ikkje hadde sett på lenge, ute på kyrkjebakken. Det var nok ikkje reint få sommarfuglar i magen på dei som etter kvart gjekk heim, med ranselen hengande på ryggen, klare for å byrja i førsteklasse.



Foto: Odrun Ugulsvik Myklebust og Monica Ugulsvik

Sjå her, alle 4-åringar!

Sundag 18.september inviterer med til hausttakkefest og utdeling av bok i gudstenesta som er klokka 11.

NB! Dagen før - laurdag 17.september er du og familien din invitert til laurdagsgrut i kyrkjelydshuset kl.12-1330. Me avsluttar med ei enkel samling i kyrkja, for å forbereda oss til bokutdeling dagen etter. Inivtasjon kjem i posten.

Helsing Monica Ugulsvik, kyrkjelydspedagog



Til venstre: Hausttakkefest med fruktsmaking. Til høgre: Frå utdelinga i fjor. Begge foto: Egon Askvik

BASAR

Til inntekt for kyrkjelydshuset,

torsdag 20.oktober kl. 17.

Det vert andakt, sal av kaffi/kaffimat, trekning og hovudtrekning.

Vil du bidra med stor eller liten gevinst?

Ta kontakt med Bjørg Anda på tlf 476 76 893

Fager kveldssol smiler

Song var ein viktig del av skulekvardagen min tidleg på 70-talet. På barnskulen starta vi dagen med song, vi song før vi skulle ete nista vår, og med song avslutta vi dagen. Det var ordenseleven si oppgåve å velje morgon-, mat-, og avslutningssong. For ein ny førsteklassing var dette ei krevjande oppgåve, men dei eldre elevane stilte raskt opp med gode råd.

Det er avslutningssongane eg hugsar best. Vi hadde to favorittar; «No soli bak om blåe fjell» og «Fager kveldssol smiler». Begge to i solid nynorsk språkdrakt.

Då Egon arrangerte konsert i kyrkja i sommar, stod «Fager kveldssol smiler» på programmet. Eg kom til å lure på kven som har skreve denne fine nynorsk-salmen. Det viste seg å vere ein tyskar. Lite truleg at han skreiv nynorsk, så kven har oversett teksten? Peter Hognestad (1866-1931) er mannen. Bondeson frå Jæren, utdanna teolog og ivrig kulturformidlar og målmann. Litt av ein kar viser det seg. Han var ein produktiv forfattar, førelesar, styremedlem i Noregs ungdomslag, aktiv i internasjonalt økumenisk arbeid og enda opp som biskop i Bjørgvin. For Hognestad var det ingen motsetnad mellom det nasjonale og det internasjonale, ei heller mellom det folkelege og det kristeleg: «Kristendomen skal ikkje jaga burt folkelivet, men halda det friskt og laga det um etter si art». Hognestad gjorde ein stor innsats for både kyrkja og nynorsken ved å oversetje bibel, altarbok og salmar til nynorsk. Det var også han som gav ut «Nynorsk salmebok» i 1925.

På skulen song vi dei to første versa av «Fager kveldssol smiler»:

Fager kveldssol smiler
over heimen ned,
jord og himmel kviler
stilt i heilag fred.
Berre bekken brusar
frå det bratte fjell,
Høyr kor sterkt det susar
i den stille kveld!

Sjølv om eg ikkje har lese originalteksten på tysk, så trur eg Hognestad har gjort ei god omsetjing. I dei enkle naturskildringane kan vi danne oss våre eigne, indre bilde. Eg ser føre meg sola som klatrar ned langs Hyeneshesten og gjer heimbygda mi vakker. «Bekken» veit eg akkurat kvar den ligg; ein bestemt plass oppe i fjellet!

Så langt er teksten ei rein naturskildring. Vidare knyter Hognestad dei vakre bileta opp mot vårt indre liv;

Ingen kveld kan læra
bekken fred og ro,
ingi klokke bera
honom kvilebod.
Så mitt hjarta stundar,
bankande i barm,
til eg ein gong blundar
i Guds faderarm.

Om eg ikkje lærte så mykje engelsk dei første skuleåra, så fekk eg med meg mange songtekstar og stor song-glede. Det er også ein rikdom å ha med seg gjennom livet. Akkurat denne salmen gjev meg ei god ro når det går mot kveld.

Signe Eikenes

Foto: Egon Askvik



Sondre Veland



KONSERT

askvik5 og gode vener

**i samband med plateslepp av CD
"Over stjernebru"**

**Kveldstonar ved Sognefjorden
Liveinnspeling i Leikanger kyrkje 21.juli 2016**

Fredag 7.oktober kl.19 Leikanger kyrkje

**Gratis inngang
Sal av CD kr.169,-**

**Dei som har bestilt CD kan henta dei etter
konserten.**

**Vil du førehandstinga, skriv til easkv@online.no
oppgje namn, adresse, epost og om du vil henta
eller den skal sendast pr post (kr 50 i porto).**



Kjell Bergsvik



Diljin Ali



Dorteia Sekkingstad



Kjell Olav Nordheim

Kyrkjelydshuset

Yttertaket må skiftast og mindre endringar inne

Etter godkjenning av teikningar for ombygging av "Klokkargarden" våren 1985, vart det sett i gong bygging av tilbygg med ny inngang, sanitærrom, kjøken og ein mindre sal. Det var også omfattande ombygging i den eldre delen inne slik vi kjenner kyrkjelydshuset i ettertid.

Heile det ombygde huset vart tekt med bølge-eternitplater, asbest-sementplater. Taket har lege i omlag tretti år, men treng no å skiftast. Ved synfaring med lokal entreprenør våren 2016, var konklusjonen : mindre strakstiltak på det flataste partiet over tilbygget. Heile taket må skiftast til våren 2017. Arealet er ca 300 m2.

Huset har mange brukarar og vert utleigd til både mindre og større samkomer. Dei driftige damene som steller i stand middagar og andre måltid, ynskjer at kjøkenet burde vore større når fleire skal arbeide der samtidig.

I husstyret har vi derfor diskutert dette. Forslaget inneber at vi stenger av døra som vart bygd som hovudinngang på langveggen mot nord. Hovudinngang vil dermed bli frå vest med ny dør tilpassa rullestolbrukarar. Døra frå veslesalen må også skiftast til isolert dør.

Arbeidet med teikningar, innhenting av tilbod og avtale med utførande entreprenør vil ta til utover hausten. Vi har derfor ikkje byggjesum, men dette er tiltak som vi i dagens prisar må rekne med frå 4 – 500.000 kr. Finansieringsplan er ikkje laga pr dato.

Frå husstyret for kyrkjelydshuset
Kolbjørn Nord



Foto: Kolbjørn Nord

Praksisstudentane

I mars var vi, Fredrik og Fredrik, så heldige å få ha våre fire uker med praksis hos dere. Leikanger og Sognefjorden viste seg fra sin beste side med mye sol og vakre fjell som fikk speile seg i stille vann.

På forhånd var vi spente på hva disse ukene skulle by på, og hvordan det ville bli å skulle få prøve oss som prester. Fasit etter fire uker var at vi begge hadde storkost oss! I løpet av tida vår i vest fikk vi blant annet vært med å holde gudstjenester som liturger, vi fikk lage gudstjeneste med konfirmantene, var med på babysang, Tysdagstreff, kyrkjelydsmiddag og fikk virkelig erfare hvor bredt yrket vi sikter på kan være. Én ting gikk igjen i alle de ulike tingene vi gjorde: uansett hvor vi kom, hva som skulle skje og hvem som var der ble vi tatt imot på en helt fantastisk måte! Dere i Leikanger åpnet virkelig armene deres for oss, og vi følte at vi virkelig var hjertelig velkomne.



Fredrik Danielsen (t.v.) og Fredrik Midttømme studerer teologi ved Menighetsfakultetet i Oslo og var praksisstudentar i Leikanger kyrkjelyd i mars. Her saman med ei av konfirmangruppene (foto: Egon Askvik)

Ikke bare fikk vi lov til å besøke dere for å lære prestelivet å kjenne, men vi fikk bli en del av mange av deres hverdag og fikk kjenne litt på livet i Leikanger. Vi holdt oss jo ikke bare i kirka, men fikk også med oss morsomme opplevelser som Palmerevyen. Nå som hverdagen for lengst er nådd Menighetsfakultet lengter vi støtt og stadig vestover til dere kyrkjefolk der borte blant fjord og fjell. Plutselig er vi en dag tilbake!

Takk for bokgave, takk for at vi fikk være hos dere, prate med dere, le med dere, spise med dere, feire gudstjenester med dere og fikk bli en del av deres kyrkjelyd i noen uker i det som i stedet kunne vært en grå og trist mars innerst i Oslofjorden.

Hilsen Fredrik og Fredrik

Hein kryssar grenser

Torsdag 29. september kjem Hein Kvalheim til Leikanger. Det er opningskvelden for "Fruktbare dagar". Det er soknerådet som har invitert han og Opplev Leikanger og kommunen hadde ynskje om at flest mogeleg måtte få dette med seg. I 2013 deltok han i programmet "Ingen grenser" på TV2. No deler han nokre av sine erfaringar frå denne ekspedisjonen.

Braut ryggen

I 1983 vart Hein skadd i ei motorsysselulukke. Då var han 16 år. Han hadde brote ryggen. Likevel kunne han gå dei fyrste 7-8 åra utan krykkjer, men etterkvart vart han gradvis dårlegare. Etter nokre år med krykkjer måtte han gå over til rullestol.

Hein plar seie at livet likevel har fare fint med han, til trass for denne dramatiske endringa i livet. Han kom i gong med ny utdanning og var ferdig siviløkonom frå Norges Handelshøyskole i 1991 og har arbeidd som økonom sidan. Han har i dag ansvar for økonomien til dei norske sjømannskyrkjene rundt om i verda. Han er gift med Toril og dei har to born som no har blitt ungdommar.

Mykje aktivitet

Hein har utforska mange ulike tilpassa aktivitetar som sitski, rullestolpigging, sykling, basketball, gokart, motorsysselkøyring, vannski, symjing og kjelkehockey. Han har dessutan hatt stor glede av å vera ungdomsleiar og sundagsskulelærar i kyrkjeleg regi, heilt frå han sjølv var konfirmant. Han har også sete i ein del styre for ideelle organisasjonar.

Kjellaug Slinde

Ei tid etter ulukka, for 30 år sidan, var han på ei samling for ryggmargskadde i Ullensvang i Hardanger. Fleire nyskada deltok. Dei hadde med seg støttepersonar frå Haukeland sjukehus. Ei av desse var Kjellaug Slinde.

- Me vart kjende og det gav grobotn for ei langt og godt venskap mellom meg og Kjellaug, og etterkvart familiarne våre. Vennskapet betyr mykje for oss og det er ein fast post på sommarprogrammet å sitja i hagen på Henjum og nyta utsikten og ha dei gode samtalan. Etter at yngstemann på Henjagarden, Olav, vart skodespelar i Palmerevynen må me også ha den med oss. Slik får me nok eit godt møtepunkt med denne fine gjengen, seier Hein.

- Enkle, tilfeldige møtepunkt kan gje grobotn for lange og gode venskap, legg han til.



Hus i Balestrand

Bestefar til Hein kom frå Balestrand og Hein og familien har no overteke huset i Esefjorden. Han kjenner slik ei sterk tilknytning til regionen og kjenner at det er litt sogning i han også.

Ingen grenser

Sommaren 2013

var Hein med Odd-Bjørn Hjelmeset på ekspedisjonen "Ingen grenser" som vart vist på TV2 hausten same året.

- Dette var ei fantastisk oppleving og svært lærerikt, seier Hein.

- Å oppleva seg sjølv i nye omgivelser og andre rammevilkår enn dei daglegdagse var spennande og gir innsikt i eige kjensleliv: Korleis reagerer me når me vert pressa utover det me tenkte var mogeleg? Kven er eg i ei gruppe? Kva betyr eg for dei som er rundt meg?

- Me måtte ofte spørja Kva er mogeleg? Og svaret var: Utruleg mykje!, seier Hein

På same måten har han lært mykje gjennom virke i arbeidslivet, kyrkja, som familiefar og ektemann, idrettsutøvar, ven og samtalepartnar.

Til Leikanger

Torsdag 29.september er Leikanger så heldige å få besøk av Hein Kvalheim der han deler nokre av sine erfaringar. Då er det opning av "Fruktbare dagar" og samling i Saften med foredrag og filmklipp frå "Ingen grenser". Få det med deg!



Leikangerkonfirmandane konfirmerte 14 og 15. mai 2016:

Første rekke, frå venstre: Amanda Skarsbø Ophthun, Trine Humlestøl Njøs, Andrea Henjesand, Stine Njøs Eikeland, Torunn Lærum Gjølringbø, Gunvor Hamre Nornes, Synne Gjerde, Elisabeth Øverbø, Amalie Hylseng Haugen
 Andre rekke, frå venstre: Monica Ugulsvik, Brede Nes, Magnus Risnes Wolff, Andreas Solberg Høggalmen, Kasper Foss Johannesen, Therese Foss Johannessén, Hanna Krosshaug, Hanna Dimmen Herijum, Øljan Langeteig, Ingermår Fosshagen, Mathias Fosberg
 Tredje rekke, frå venstre: Egon Askvik, Mathias Berge Jørgensen, Sigurd Stenstadvold, Sigurd Myklebust, Joakim Elde Walaker, Adrian Husabø Thue, Henrik Farstad Skagen, Gaute Eliassen Hamre, Amund Bäckström Vikdal, Joakim Solheim, Martin Strømseng Ophthun
 Fjerde rekke: Andrine Elenni Nornes, Andrea Langeteig, Ingeborg Røysum Langeteig, Kristine Lidal Røysum, Tina Therese Sælid Heggstad, Sara Felde Liljedal, Marion Borlaug Orrestad
 Ikkje tilstades: Frode Offerdal Jakobsen
 Foto: Jonny Akselsen

Glede og sorg

Døyppte

27.03.2016	Kasper Fosse Tomaszewski
03.04.2016	Olve Tveit Moene
03.04.2016	Hedda Thue Wathne
03.04.2016	Emil Fossberg Thue
17.04.2016	Melanie Bella-Angelique Pedroza Husabø
26.06.2016	Selma Rauboti-Byrkjeland (Tungestølen, Fjærland)
12.06.2016	Julian Sørhaug Foss
12.06.2016	Sverre Njøs Amundsen
12.06.2016	Nicolai Buene Bøyum
12.06.2016	Sebastian Dyrdal Øy
03.07.2016	Hugo Tafjord Hjørnevåg
07.08.2016	Eline Lunde Mæland

Vigde

14.05.2016	Eva Norstein-Prince og Spencer Sean Norstein-Prince
28.05.2016	Anne Katrin Bøyum og Johann Njaastad

Gravlagde

01.04.2016	Knut Verken
08.04.2016	Kjell Steinar Vangsnes
29.04.2016	Johanna Christensen
03.06.2016	Malvin Lorentz Stølen
17.06.2016	Dagny Lunde
30.06.2016	Sture Tuxen Husabø
05.07.2016	Anna O. Kristiansen
14.07.2016	Ivar Ness
19.07.2016	Joshua Rupert Mijaes Salibay
27.07.2016	Dagmar Sofie Riska Rosenlund
12.08.2016	Ole Eirik Gjerde
16.08.2016	Lilli Ekeberg

.....

Påskafta, 26.mars var det bryllup i Fjærland kyrkje. Våre kjære organist, Hallgeir fekk då si Hanne og 1.august kom vesle Nora vil verda. Me gratulerer brureparet og dei nybakte foreldra!



Støtt våre annonsører -
dei støttar oss!

 **LEIKANGER Fjord Hotel**
Tlf: 57 65 60 20

 **Leikanger Auto**
Leikanger auto
Telefon 576 53 100

post@leikangerauto.no
www.leikangerauto.no

Aarskog
bakeri og konditori AS

Telefon 576 53 422

**SOGNEFJORD
HOTEL** 

Tlf: 57 65 11 00


Sogn  **gravferdshjelp**

Telefon: 57 68 14 77 (heile døgnet)
E-post post@sogngravferdshjelp.no

Kjell Grønli
Hans Magne Kvåle
Hege Urnes
Ingar Husum

 **sparebanken**
sogn og fjordane
Tlf: 57 82 97 00
www.ssf.no




Sogn Kontorsenter
Leikanger - Årdal
57 67 66 99
www.sognkontorsenter.no

KIWI mini pris

TIPPING - RIKSTOTO
08-22 (20)

**coop
prix**

Oppslagstavla!

BABYSONG

Torsdagar i oddetalsveker frå veke 35 (1. sept) til veke 47 (24. nov). Me startar kl 11 med songstund og avsluttar med ein enkel lunsj (kr 30), og er ferdige ca kl 1230. Dette er eit populært tilbod i trusopplæringa, som er opent for alle småbørnsforeldre med born i alderen 0-1 år!

Har de spørsmål, ta kontakt med Monica, kyrkjelydspedagog på tlf 906 17 319 eller e-post: monica@sogndal.kyrkja.no



KYRKJELYDSHUSET TRENG NYTT TAK – Vær gjerne med og bidra! Bruk vedlagt giroblankett eller nettbank, kontonr.: 3781 07 30316



TYS DAGSTREFF!

Annakvar tysdag kl.11.30 i Kyrkjelydshuset er det tysdagstreff. Treffa har variert innhald og varar til kl. 14.00.
Kl.11.30 – Trim v/Reidun Strand
Kl. 12 – Hallgeir Øgaard Westli spelar
Kl.12.15 – Varm mat
Kl.12.40 – Andakt, programinnslag, kaffi og kaker
Kl. 14 – Takk for i dag og vel heim!
Datoar i haust: 6/9 20/9 4/10 18/10 1/11 15/11 29/11
Mange frivillige er med og hjelper til med maten, det er kjempeflott!

TÅRNAGENT

Kyrkja treng agentar til å løyse mysteriet i Stedje kyrkje. Alle åtteåringar (fødde i 2008) er inviterte til å bli med som tårnagentar i Stedje kyrkje, 12. og 13. november! De vil få nærare beskjed om møtetidspunkt og oppdrag.



-På laurdag føremiddag vil nysgjerrige gutar og jenter få i oppdrag å utforska det mystiske kyrkjebygget. Finst det ting der som ingen har oppdaga før? Borna blir utstyrt som agentar, kanskje med lommelykt og lupe, på jakt etter det eigentlege mysteriet, seier trusopplærar i Sogndal og Leikanger Monica Ugulsvik. Søndag er det klart for tårnagent-gudsteneste i Stedje kyrkje.

TEMAKVELD MED HEIN KVALHEIM!

Kom på Saften, torsdag 29.september kl. 19.30 og møt Hein Kvalheim frå «Ingen grenser» på TV2. Dette er opningsarrangement for Fruktbare dagar og er eit samarbeid mellom soknerådet og Opplev Leikanger! Gratis inngang.

NYE KONFIRMANTAR

I år er det 31 ungdommar som har meldt seg til undervisning og konfirmasjon. Leiarar for desse i år er Andreas Danbolt (ungdomsprest), Mikael Bruun (vikar for Egon) og Monica Ugulsvik (kyrkjelydspedagog). Andreas og Monica vil ha undervisningsansvaret, medan Mikael vil vera med i opplegget særskild knytt til gudstenester.

Bilete er frå første samling i kyrkja med konfirmantar og foreldre.



KYRKJEKALENDAR

September-desember 2016

SEPTEMBER

Søndag 4. 16. søndag i treeiningstida **Matt 11, 16-19**

Kl 11.00 Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane 2016/2017.
Prestevikar Mikael Bruun, kyrkjelydspedagog
Monica Ugulsvik, kantor Hallgeir Øgaard

Søndag 18., 18. søndag i treeiningstida **Salme 38, 10-16**

Kl 11.00 Hausttakkefest for små og store.
Prestevikar Mikael Bruun, kyrkjelydspedagog
Monica Ugulsvik, kantor Hallgeir Øgaard. Takkofter til Sogn og Fjordane KFUK - KFUM. Utdeling av bok til 4-åringane. Fruktsmaking på kyrkjebakken.

OKTOBER

Søndag 2. 20. søndag i treeiningstida **Matt 18,1-11**

Kl 19.00 Salmar & kaffi. Ei annleis gudsteneste med mykje song og musikk.
Vikarprest Mikael Bruun, kantor Hallgeir Øgaard.
Takkofter til Flyktningehjelpa.

Søndag 23. 23. søndag i treeiningstida **Matt 24, 35-44**

Kl 11.00 Gudsteneste. Vikarprest Mikael Bruun, kantor Hallgeir Øgaard. Takkofter til TV-aksjonen NRK.

NOVEMBER

Søndag 6. Helgemesse **Luk 6, 20-23**

Kl 19.00 Ei annleis gudsteneste med mykje song og musikk.
Vikarprest Mikael Bruun, kantor Hallgeir Øgaard, Kjell Olav Høstaker Nordheim. Takkofter til Redd Barna.

Søndag 20. Kristi kongedag **Joh 9, 39-41**

Kl 11.00 Gudsteneste for store og små.
Vikarprest Mikael Bruun, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik, kantor Hallgeir Øgaard. Takkofter til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 27. 1. søndag i advent **Matt 21, 1-11**

Kl 11.00 Adventsgudsteneste. Vikarprest Mikael Bruun. Takkofter til speidararbeidet i Leikanger.

DESEMBER

Søndag 4. 2. søndag i advent **Joh 14, 1-4**

Kl 20.00 Lysmesse. Konfirmantane, vikarprest Mikael Bruun, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik, kantor Hallgeir Øgaard. Takkofter til kyrkjelydsarbeidet.

Andre datoar å merka seg:

Torsdag 1.september kl.11 Oppstart babysong i kyrkjelydshuset

Tysdag 6.september kl.1130 Oppstart tysdagstreff i kyrkjelydshuset

Laurdag 17.september kl.12-1330 Laurdagsgraut i kyrkjelydshuset for fireåringar med familie

Torsdag 29.september kl.1930 Temakveld i Saften med Hein Kvalheim

Fredag 7.oktober kl.19 Konsert i kyrkja med askvik5 og gode vener. Plateslepp

Torsdag 20.oktober kl.17 Kyrkjelydshusbasaren

12-13.november Tårnagenthelg i Stedje kyrkje for åtteåringar (fødde i 2008)



Sjå oppdaterte gudstenestelister på <http://www.leikanger.kommune.no/kyrkjekalender.4850977-172067.html>